

Møteinnkalling

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	, Quality Hotel Sogndal
Dato:	28.09.2021
Tid:	17:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Program

Kl. 17:00 - **Saksbehandling**

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Natalia Antonia Golis

Utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 6/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 7/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 08.06.2021	2020/47347	
GK 8/21	Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i valnemnda 16.06.21 (Ingen tittel)	2020/47347	
PS 12/21	Varig fritak frå verv som styremedlem i stiftinga Vestnorsk kulturakademi. Val av nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk kulturakademi	2019/11	
PS 13/21	Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Festspillene i Bergen	2019/11	
PS 14/21	Utpeiking av kandidat til styret i organisasjonen Geopark Sunnhordland	2019/11	
PS 15/21	Nominering av ny varamedlem til styret i TH Eigedom AS	2019/11	
PS 16/21	Oppnemning av representantar til brukarutvalet på HDS	2020/77154	
PS 17/21	Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo	2019/11	
PS 18/21	Søknad om fritak for verv - Torbjørn Vereide	2019/11	
PS 19/21	Søknad om fritak for verv - Linda Merkesdal	2019/11	

Godkjenningssaker
GK 6/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2020/47347-17
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	7/21	28.09.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 08.06.2021

Protokoll frå møte i valnemnda 8. juni 2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	08.06.2021
Tid:	09:00-10:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia Antonia Golis	Leiar	MDG
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Marthe Hammer	Medlem	SV
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Nestleiar	H
Noralv Distad	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Aleksander Øren Heen	SP
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Jannicke Bergesen Clarke	A
Tor André Ljosland	Trude Brosvik	KRF

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Saksliste	Innhald	Arkiv-	U.Off
Utvals-		saksnr	
saksnr			
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 02.03.2021	2020/47347	
	Politiske saker		
PS 4/21	Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og børsenter AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen	2019/11	
PS 5/21	Korrigerering av val av varamedlem til klagenemnda	2019/11	
PS 6/21	Søknad om fritak frå verv - Gunhild Berge Stang	2019/11	
PS 7/21	Val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse	2019/11	
PS 8/21	Korrigerering av val og nyval til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2019/11	

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda 02.03.2021

Protokoll frå møte 2. mars 2021 vart godkjend utan merknader.

Politiske saker

PS 4/21 Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærsepter AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune nominerer desse kandidatane til følgjande verv for resten av fylkestingsperioden (2021-2023):

Njøs frukt- og bærsepter AS
Styremedlem:

Hardanger AKS AS:
Styremedlem:

2. Vestland fylkeskommune vel følgjande person til styret i stiftinga Singerheimen:
Varamedlem:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

Alfred Bjørlo (V) sette på vegner av V, A, SV, Krf, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Styremedlem Njøs frukt- og bærsepter AS: Trude Risnes»

Arve Helle (A) sette på vegner av A, V, SV, Krf, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Styremedlem Hardanger AKS: Kine Bratli Dale»

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av Sp, V, A, SV, Krf og MDG fram slikt forslag:

«Varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen: Mark Taylor»

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.
Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Helle sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune nominerer desse kandidatane til følgjande verv for resten av fylkestingsperioden (2021-2023):

Njøs frukt- og bærsepter AS
Styremedlem: Trude Risnes

Hardanger AKS AS:
Styremedlem: Kine Bratli Dale

2. Vestland fylkeskommune vel følgjande person til styret i stiftinga Singerheimen:
Varamedlem: Mark Taylor

PS 5/21 Korrigering av val av varamedlem til klagenemnda

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer val av varamedlem til klagenemnda på ny i tråd med modell 1 i saksframlegget.

Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjer val av varamedlem til klagenemnda på ny i tråd med modell 1 i saksframlegget.

PS 6/21 Søknad om fritak frå verv

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. oktober 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald:
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald:
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald:
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

Jenny Følling (Sp) reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Sunnfjord Utvikling AS. Valnemnda vedtok samrøystes at Følling var inhabil etter forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Følling trådte frå ved behandlinga av vedtakspunkt 1 i saka.

Arve Helle (A) sette på vegner av A, Sp, MDG, V, Krf og SV fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.»

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades ved røysting til Helle sitt forslag punkt 1. Ved røysting til Bjørlo sitt forslag punkt 2-5 var organet fulltallig.

Helle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget innvilgar Gunhild Berge Stang sin søknad om fritak frå verv i folkevalde organ på følgjande vilkår: Fritaket gjeld frå 1. juli 2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo
3. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh
4. Som ny varamedlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland
5. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Alfred Bjørlo

PS 7/21 Val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse:

Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag:

«Anita Jordalen»

Avrøysting

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget gjer slikt val av midlertidig varamedlem til hovudutval for opplæring og kompetanse:

Anita Jordalen.

PS 8/21 Korrigerering av val og nyval til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer korrigerande val i tråd med saksframlegget.
2. Fylkestinget vel Kjell Søvik som setjemedlem ut året.
3. Fylkestinget vel Gunn Sande som ny varamedlem.
4. Fylkestinget vel Arne Hovland som midlertidig varamedlem ut året.

Saksprotokoll i valnemnda - 08.06.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjer korrigerande val i tråd med saksframlegget.
2. Fylkestinget vel Kjell Søvik som setjemedlem ut året.
3. Fylkestinget vel Gunn Sande som ny varamedlem.
4. Fylkestinget vel Arne Hovland som midlertidig varamedlem ut året.

Saksnr: 2020/47347-18
Saksbehandlar: Berit Dianne Kilvær

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	8/21	28.09.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i valnemnda 16.06.21

Møteprotokoll frå ekstramøte i valnemnda 16. juni 2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	16.06.2021
Tid:	18:15-19:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Arve Helle	Medlem	A
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Nestleiar	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalia Antonia Golis	Leiar	MDG
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Noralv Distad	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R
Alfred Bjørlo	Medlem	V

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mark Taylor	Natalia Antonia Golis	MDG
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Anne Gine Hestetun	A
Hanne Eva Husebø Kristensen	Noralv Distad	H
Knut Inge Andersen	Trym Helge Aafløy	FNB
Terje Kollbotn	Jeanette Onarheim Syversen	R
Geir Kjell Andersland	Alfred Bjørlo	V

Merknader

Silja Ekeland Bjørkly (H, nestleiar) leia møte.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 5/21	Godkjenningssaker Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 9/21	Politiske saker Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo - suppleringsval	2019/11	
PS 10/21	Val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum		
PS 11/21	Endra innstilling i punkt 2 i sak PS 69 Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærsepter AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen		

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkallinga og saklista vart samrøystes vedteke.

PS 9/21 Søknad om fritak frå verv - Alfred Bjørlo - suppleringsval

Forslag til innstilling

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak frå verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering ut valperioden. Fritaket gjeld frå 1. juli 2021.
2. Som ny medlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Geir Kjell Andersland
3. Som ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald:
4. Som ny varamedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Torstein Tvinnereim
5. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Geir Kjell Andersland

Saksprotokoll i valnemnda - 16.06.2021

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag:

«Punkt 3:
Geir Kjell Andersland

Nytt punkt 6:
Som ny medlem i hovudutval for næring vert vald:
Alfred Bjørlo»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Punkt 5: Valet vert utsett.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1,2 og 4 vart samrøystes vedteke.
Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Ekeland Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak frå verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering ut valperioden. Fritaket gjeld frå 1. juli 2021.
2. Som ny medlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Geir Kjell Andersland
3. Som ny nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Geir Kjell Andersland
4. Som ny varamedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Torstein Tvinnereim
5. Som ny varamedlem i fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Valet vert utsett
6. Som ny medlem i hovudutval for næring vert vald: Alfred Bjørlo

PS 10/21 Val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum

Saksprotokoll i valnemnda - 16.06.2021

Valnemnda vedtok samrøystes å setje saka på saklista.

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum: Steinulf Tungesvik»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:
Steinulf Tungesvik

PS 11/21 Endra innstilling i punkt 2 i sak PS 69 Nominering av kandidatar til styret i Njøs frukt- og bærseier AS, styret i Hardanger AKS AS og styret i stiftinga Singerheimen

Saksprotokoll i valnemnda - 16.06.2021

Valnemnda vedtok samrøystes å setje saka på saklista.

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Valnemnda si innstilling til fylkestinget pkt.2 vert endra til:

2. Vestland fylkeskommune vel følgjande person til styret i stiftinga Singerheimen:
Varamedlem: Mariel Eikeset Koren»

Avrøysting

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Valnemnda si innstilling til fylkestinget pkt.2 vert endra til:

2. Vestland fylkeskommune vel følgjande person til styret i stiftinga Singerheimen:
Varamedlem: Mariel Eikeset Koren

Saksnr: 2019/11-111
Saksbehandlar: Merethe Jenny Helland
Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	12/21	28.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Varig fritak frå verv som styremedlem i stiftinga Vestnorsk kulturakademi. Val av nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk kulturakademi i

Forslag til innstilling

1. Atle Ove Marthinussen vert innvilga varig fritak frå vervet som medlem av styret i Vestnorsk Kulturakademi.
2. Fylkestinget gjer slikt val av nytt medlem til styret i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden
01.10.2021 - 30.09.2023:

Samandrag

Tidlegare styremedlem i Vestnorsk kulturakademi, Atle Ove Martinussen, har fått nye roller i Vestnorsk Kulturakademi og representerer ikkje lenger Vestland fylkeskommune i styret. Det må difor gjerast val av eit nytt styremedlem. Representantane vart valde for ein periode på to år. Fylkeskommunedirektøren legg med dette til rette for val av eit nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk Kulturakademi for perioden 01.10.2021 - 30.09.2023, samt at det vert gjeve fritak frå vervet som styremedlem for Atle Ove Martinussen.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestnorsk Kulturakademi er etablert som eit regionalt kompetansesenter for kultur- og tradisjonsformidling. Vestnorsk Kulturakademi har som hovudmål å ta vare på, formidla og vidareutvikla erfaringskunnskapen som ligg i den vestnorske kulturarven. Det skal leggast spesiell vekt på å skapa grunnlag for kulturforståing og utvikling- gjennom formidling av handverks- og byggetradisjonar., kunnskap om råvarer og kvalitet, lagning av mat og klede, samt formidling av regionhistorie sett i høve til Europa elles.

Det går fram av vedtektene for Vestnorsk Kulturakademi pkt. 4, at stiftinga vert leia av eit styre på sju medlemmer samansett slik:

- A Ein representant vald av Universitetet i Bergen*
- B Ein representant vald av Vestnorsk Kulturakademi*
- C Ein representant vald av Voss kommune ved Høgskulenemnda*
- D Ein representant vald av Høgskulen i Bergen*
- E Ein representant vald av Hordland Fylkeskommune, Kulturseksjonen*
- F Ein representant vald av Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga*
- G Ein representant vald av Hordaland Husflidslag*

Representantane vert valde for ein periode på 2 år. Same organ som vel styremedlemmer skal og velja sin vararepresentant. Valet skal gjerast slik at styremedlem og varamedlem ikkje lett vert ugilde i viktige saker som styre skal handsama. Styret konstituerar seg sjølv.»

Fram til no har medlemmane i styret blitt vald administrativt. Styret er i dag samansett av ca. 50 prosent av kvinner og ca 50 prosent av menn. Det er ikkje krav i vedtektene om kjønnsbalanse, men det er opplyst at dette er gjort ved val av styremedlemmer.

Martinussen har tidlegare vore styreleiar i stiftinga. Styreleiar er no Vidar Skeie.

Tidlegare styremedlem, Atle Ove Martinussen, har kontakte fylkeskommunen ved E-post den 18.09.2021. Han skriv at han ikkje lenger er styremedlem i Vestnorsk Kulturakademi og representerer ikkje lenger Vestland fylkeskommune i styret. Han er no dagleg leiar i stiftinga. Han ber om at det vert peika ut eit nytt styremedlem frå Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse. Det går fram av reglement for folkevalde organ og delegering, reglement for fylkestinget pkt. 2.4.6:

«Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o. l.»

Vurderingar og verknader

Tidlegare styremedlem frå Vestland fylkeskommune, Atle Ove Martinussen har no fått nye roller i Vestnorsk Kulturakademi. Han ber Vestland fylkeskommune om å gjera eit nytt val av styremedlem.

Sett i lys dette, kan Marthinussen sin E-post av 18.09.2021 og tolkast som ein søknad om fritak frå verv som styremedlem i Vestnorsk Kulturakademi, jfr. kommunelova § 7-9 nr. 2.

Det går fram av kommunelova § 7-9 nr. 2:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Marthinussen ber om at det vert gjort nytt val, då han no er dagleg leiar i Stiftinga. Sjølv om det skal leggast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak, er det fylkeskommunedirektøren si vurdering at vervet som styremedlem er vanskeleg å kombinere med rolla som dagleg leiar av stiftinga.

Fylkeskommunedirektøren finn at vilkåret for fritak etter kommunelova § 7-9 2. ledd er oppfylt.

Fylkeskommunedirektøren legg med denne saka, til rette for val av nytt styremedlem for stiftinga Vestnorsk Kulturakademi.

Økonomi: Ikkje relevant. Det er sett av midlar på budsjettet til møtegodtgjersle.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkestinget innvilgar Atle Ove Martinussen varig fritak frå vervet som styremedlem i stiftinga Vestnorsk Kulturakademi.

Fylkestinget gjer val av nytt styremedlem til stiftinga Vestnorsk kulturakademi.

Saksnr: 2019/11-112
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	13/21	28.09.2021
Fylkestinget		

Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Festspillene i Bergen

Forslag til innstilling

1. Som ny varamedlem til stiftinga Festspillene i Bergen vert oppnemnd:

Samandrag

Vestland fylkeskommune er representert i representantskapet og styret i stiftinga Festspillene i Bergen. Gunhild Berge Stang har underretta stiftinga om at ho trer i frå sitt verv som varamedlem i styret. Fylkeskommunedirektøren legg med dette til rette for val av ny varamedlem til styret.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gunhild Berge Stang har formelt underretta stiftinga Festspillene i Bergen om at ho trer i frå sitt verv som varamedlem i styret.

Vestland fylkeskommune skal nemne opp ein ny varamedlem.

Vedtakskompetanse

Mynde til å innstille eller velje medleamar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. Reglement for valnemnda. Valnemnda legg fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar m.m., der fylkeskommunen har medlemer og varamedlemer i styret.

Fylkeskommunedirektøren sine vurderingar

Vestland fylkeskommune er representert slik i stiftinga Festspillene i Bergen:

Representantskapet

Medlem: Jon Askeland (Sp)

Varamedlem: Natalia Golis (MDG)

Styret

Medlem: Stian Davies (A)

Varamedlem: Gunhild Berge Stang (V)

Medlem: Silja Ekeland Bjørkly (H)

Varamedlem: Trym Aafløy

Av stiftinga sine vedtekter § 4 følger:

«Stiftelsen skal ha et styre på 7 medlemmer med personlige varamedlemmer. Samtlige velges for 4 år om gangen. Et representantskapsmedlem kan ikke sitte i Styret. Ingen kan være styremedlem i mer enn 8 år. Formannen har dobbeltstemme ved stemmelikhet, dog ikke i ansettelsessaker.

Den norske stat oppnevner Styrets leder med varamedlem. Hordaland Fylkeskommune oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer. Bergen Kommune oppnevner 1 styremedlem med varamedlem. Representantskapet oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer, mens 1 styremedlem med varamedlem oppnevnes av - og blant - de fast ansatte i Festspillene.

Valgperioden følger kommunevalgperioden, dog slik at nyvalgte medlemmer tiltrer 1. januar.»

Stiftingslova har enkelte særreglar når det gjeld samansetnad av styret. Det følgjer av stiftingslova § 27 første ledd at følgjande personar ikkje kan vere medlemer i styret i ei stifting:

- juridiske personar
- mindreårige
- personar som er fråtekne rettsleg handleevne
- personar som er sett i konkurskarantene etter konkurslova § 142

I § 27 tredje ledd er det presisert at følgjande personar ikkje kan (kvar for seg eller saman) vere dei einaste medlemene av styret:

- a) den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
- b) nærstående av den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
- c) person som har tillitsverv i, eller står i et ansettelses- eller underordningsforhold til den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,

d) hvis den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen, er en juridisk person, person som har slik innflytelse som nevnt i § 4 tredje ledd over den juridiske personen, og hans eller hennes nærstående.

Minst halvparten av styremedlemene må dessutan vere busette i Noreg. Ovannemnde reglar gjeld så langt dei passar også for varamedlemer.

Likestillingslova § 21 første, andre og femte ledd gjeld når ein fylkeskommune skal peike ut heile styret i ei stifting, jf. stiftingslova § 27a. Når fylkeskommunen peikar ut delar av styret, gjeld dette tilsvarande i høve dei styremedlemene fylkeskommunen peikar ut. Dette inneber at fylkeskommunen skal peike ut ei kvinne til ledig verv som varamedlem.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av ny varamedlem til styret i stiftinga Festspillene i Bergen i tråd med føringane i saksframlegget.

Saksnr: 2019/11-105
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	14/21	28.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Utpeiking av kandidat til styret i Geopark Sunnhordland AS

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidatar til vervet som medlem og varamedlem av styret i Geopark Sunnhordland AS:

Medlem:
Varamedlem:

Samandrag

Geopark Sunnhordland har status som Norsk Geopark, og vil hausten 2021 søke medlemskap i UNESCO Global Geopark Network. Målet er å bruke området sin geo-arv som ressurs i utviklinga av berekraftig geoturisme og undervisning.

Før innsending av UNESCO-søknaden, skal Geoparken etablerast som eit aksjeselskap. Eigar av aksjeselskapet, Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, inviterer fylkeskommunen til å utpeike ein kandidat til styret i selskapet.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Geopark Sunnhordland har status som Norsk Geopark, og vil hausten 2021 søke medlemskap i UNESCO Global Geopark Network. Målet er å bruke området sin geo-arv som ressurs i utviklinga av berekraftig geoturisme og undervisning.

Geopark Sunnhordland («Geoparken») har sidan 2013 vore eit prosjekt under utvikling, initiert av Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS, og med Moster Amfi, Sunnhordland museum, Rosendalstiftinga og Folgefonnssenteret representert i eit interimsstyre.

Institutt for geovitskap ved UiB og Norges Geologiske Undersøkelse bidreg til utarbeidinga av søknaden om UNESCO-medlemskap. Parken fekk i 2019 1 mill. kr i tilskot frå fylkeskommunen til prosjektarbeidet. Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, eigd av fylkeskommunen og Bømlo kommune, er valt som hovudportal og kontor for parken.

For meir informasjon om Geopark Sunnhordland, sjå <https://www.geoparksunnhordland.no/om-oss/>

Før innsending av UNESCO søknaden, skal Geoparken etablerast som eit AS, eigd av Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS. Samarbeidsrådet inviterer fylkeskommunen til å utpeike ein kandidat til styret i selskapet, med varamedlem.

I utkastet til vedtekter er selskapet sitt føremål vedtektsfesta slik:

«Geopark Sunnhordland AS har ein geologi av både nasjonal og internasjonal verdi og har som føremål, gjennom ein felles organisasjon å leggje til rette og ta ansvar for ein god og informativ presentasjon av Sunnhordland si geologiske naturarv. Dette omfattar å syna samanhengar mellom geologisk mangfald og viktigheita dette har for menneska i dag, i fortid og i framtid (t.d. biologisk mangfald, miljøforhold, samfunnsutvikling, kultur, jordbruk, utnytting av geologiske naturressursar m.m.). Selskapet skal ikkje ha næringsverksemd som føremål.»

Vedtakskompetanse

Myndet til å innstille eller velje medleamar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i valsaker i dei tilfella avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om nominasjonen

Fylkeskommunen er invitert til å utpeike éin styremedlem og éin varamedlem i selskapet Geopark Sunnhordland AS.

I utkastet til stiftingsdokument for selskapet er det lagt opp til at styret skal vere samansett slik:

«Selskapet sitt styre skal vera:

- Liv Kari Eskeland, stortingsrepresentant
- John Inge Svendsen, geolog
- Bård Gram Økland, arkeolog
- Vestland fylkeskommune
- Torstein Hatlevik, hoteleigar og leiar styringsgruppe Visit Sunnhordland
- Stina Nordbak, samfunnsplanleggjar og leiar Visit Austevoll
- [Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim], styreleiar Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS»

I utkastet til vedtekter står det at dei aksjonærvalde medlemene vert valde på ubestemt tid. I e-post til fylkeskommunen 20.09.21 oppgjev selskapet at kandidaten fylkeskommunen nominerer vil bli vald for to år i første omgang.

Det er kjønnsbalanse mellom dei styrekandidatane som allereie er føreslegne, og som alle har takka ja, så fylkeskommunen står fritt når det gjeld kjønn på kandidaten.

Vurderingar og verknader

Ein regionalpark vert etablert innanfor eit avgrensa område. Ivaretaking av regionen sitt landskap, kulturarv og identitet står sentralt. Arbeidet skal gjerast gjennom berekraftig samfunnsutvikling, og byggjer på eit nedanifrå-og-opp perspektiv, der lokalt engasjement er den sentrale drivkrafta.

Regionalparkane representerer nye modellar for verdiskaping og lokal samfunnsutvikling. I PS 235/2020, handsama fylkesutvalet ei sak om fylkeskommunal medverknad inn mot regionalparkar, og vedtok følgjande:

«1. Fylkesutvalet meiner at regionalparkane i Vestland som er etablerte eller er under etablering, er gode regionale utviklingstiltak. Vestland fylkeskommunen er ein medspelar på denne typen verdiskaping, og vil stø initiativ i kommunar og lokalsamfunn.

2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen vurdere satsing for å sikre brei verdiskaping på kulturmiljøområdet, og som også er retta mot utviklingstiltak i regionalparkane. Evt. nye ordningar skal forvaltast av Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

...»

I PS 64/2021 vedtok fylkesutvalet retningslinjer for ei ny tilskotsordning mynta på regionalparkar som Geopark Sunnhordland, gjeldande frå 2022.

Invitasjonen til å nominere ein kandidat til styret i Geopark Sunnhordland AS, betyr at fylkeskommunen får høve til påverke samansetjinga av styret og at fylkeskommunen kan bidra til at styret får ei god samansetjing.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje direkte relevant

Folkehelse: Ikkje direkte relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Å nominere ein kandidat kan indirekte bidra til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg», strategi 1.2, 1.3.

Mål 2: «Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, strategi 2.1, 2.2.

Mål 3: «Lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv», strategi 3.1.

Mål 4: «Like moglegheiter til å delta i verdiskaping», strategi 4.1.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår at fylkestinget nominerer ein styrekandidat med vara til styret i Geoparken Sunnhordland.

Saksnr: 2019/11-102
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	15/21	28.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Nominering av ny varamedlem til styret i Theigedom IKS

Forslag til innstilling:

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som ny varamedlem i styret i THEigedom IKS for perioden 2021-2023:

Personleg varamedlem for Sigurd Reksnes:

Samandrag

Gunn Merete Paulsen er personleg varamedlem for Sigurd Reksnes i styret i THEigedom IKS. Ho ber no om å bli fritaken frå vervet, sidan hennar nye arbeidsgjevar, PwC, ikkje ønskjer at deira tilsette har slike posisjonar.

Det var fylkeskommunen som nominerte Paulsen til vervet i mars 2020 (FT 20/20). Selskapet har bedt fylkeskommunen vurdere å nominere ein ny varamedlem i hennar stad innan representantskapsmøtet 18.11.21, der det formelle valet vil skje.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gunn Merete Paulsen er personleg varamedlem for Sigurd Reksnes i styret i THEigedom IKS. Ho ber no om å bli friteken frå vervet, sidan hennar nye arbeidsgjevar, PwC, ikkje ønskjer at deira tilsette har slike posisjonar.

Fylkeskommunen nominerte Paulsen til vervet i mars 2020 (FT 20/20). Selskapet har bedt fylkeskommunen vurdere å nominere ein ny varamedlem i hennar stad innan planlagt representantskapsmøte 18.11.21, der det formelle valet vil skje.

Informasjon om tidlegare gjennomførte nominasjonar og val går fram av fylkeskommunen sitt eige valregister, som ligg på fylkeskommunen sin nettstad (politikk/for-folkevalde):
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-per-august-2021.pdf>

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynda til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6. Valnemnda gjev innstilling i valsaker i dei tilfella avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. reglement for valnemnda.

Om nominasjonen

THEigedom IKS, tidlegare Trivselshagen IKS, har til føremål å eige og drive bygga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Deltakarane i selskapet er Vestland fylkeskommune og Gloppen kommune, med ein eigar- og ansvarsdel på 50 % kvar. Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er å få dekkja arealbehovet til Firda vidaregåande skule.

Selskapet skal ha eit styre med fem medlemmer, med kvar sin personlege varamedlem. Det er representantskapet som vel styret etter forslag frå eigarane (med unntak av styreleiar som vert utpeikt av representantskapet og ikkje skal ha tilknytning til eigarane). Styremedlemene vert valde for to år om gangen.

Selskapet har eigen valkomité, med to medlemmer, som har ansvar for å gje representantskapet ei skriftleg og grunngjeven innstilling om val av styremedlemmer. Valkomiteen er samansett av Trude Brosvik, vald etter forslag frå fylkeskommunen, og Svein Ottar Sandal, vald etter forslag frå kommunen.

Styret er i dag samansett slik:

Styreleiar: Trond Ueland. Vara: Birte Kjørvik Fossheim.

Styremedlem: Synne Marie Oppheim. Vara: Kjell Petter Solhaug (valde for to år hausten 2020)

Styremedlem: Ola Sundt Ravnestad. Vara: Remi Lone Nilsen (valde for to år hausten 2020)

Styremedlem: Sigurd Reksnes. Vara: Gunn Merete Paulsen (valde for to år våren 2020)

Styremedlem: Hanne Husebø Kristensen. Vara: Frank Willy Djuvik ((valde for to år våren 2020)

Ein styremedlem har rett til å tre tilbake før valperioden er ute, dersom det føreligg særlege forhold, jf. IKS-lova § 10 sjetten ledd. Særlege forhold kan t.d. vere alvorleg sjukdom og alvorlege motsetjingsforhold innad i styret. Medlemmen skal isåfall varsle styret og representantskapet i rimeleg tid.

Sjølv om det ikkje skulle føreligge ein rett for medlemmen til å tre tilbake, jf. § 10 sjetten ledd, så kan representantskapet, jf. § 10 andre ledd, når som helst erstatte ein styremedlem det sjølv har vald.

Vurderingar og verknader

Å halde fram i vervet vil medføre at Paulsen går imot ønsket til sin arbeidsgjevar, PwC, om at ingen av deira tilsette skal ha denne typen verv. Fylkeskommunedirektøren ser at dette er uheldig for Paulsen, og uavhengig av om Paulsen faktisk har ein lovfesta rett til å tre ifrå, så kan selskapet og eigarane legge til rette for at ho får fritak før valperioden er ute i dette tilfellet.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår fylkestinget å nominere ein ny person til vervet som personleg varamedlem for Sigurd Reksnes i styret i THeigedom IKS.

Saksnr: 2020/77154-122
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	16/21	28.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Oppnemning av representantar til brukarutvalet på HDS

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val av representant og vararepresentant til brukarutvalet ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Samandrag

Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) ønsker medverknad frå brukarar av deira tenester gjennom dialog og kunnskapsoverføring. I det samband ønsker HDS at fylkeseldrerådet nemner opp ein representant og ein vararepresentant til sjukehuset sitt brukarutval for pasientar og pårørande for perioden 2022-2024. Ettersom fylkestinget har mynde til val av representantar vert saka lagt fram der.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppnevning av representanter til brukarutvalget på HDS - for perioden 2022 - 2024
- 2 Til Fylkeseldrerådet_ Oppnevning av representanter til brukarutvalget på HDS
- 3 Retningslinjen for brukarutvalget HDS
- 4 Vedlegg - tilråding frå fylkeseldrerådet omo representantar til brukarutvalet ved HDS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter forslag frå organisasjonane, skal Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) nemne opp medlemar til brukarutval for pasientar og pårørande for perioden 2022-2024 på styremøtet 6. desember 2021. Organisasjonane må difor sende inn innstilling til forslag innan 12. november 2021.

I brevet står det mellom anna:

«Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) ønsker medvirkning fra brukere av våre tjenester. Dette skal skje gjennom dialog og kunnskapsoverføring. Brukernes behov står sentralt i all kvalitetsutvikling ved sykehuset, og dette er bakgrunnen for at vi legger vekt på brukermedvirkning gjennom et brukerutvalg for pasienter og pårørende.»

HDS har sendt ein førespurnad til fylkeseldrerådet om dei vil nemne opp ein representant og ein vararepresentant til å delta i brukarutvalet. Førespurnaden er adressert til fylkeseldrerådet i Hordaland, men det er bekrefta frå HDS at førespurnaden er til fylkeseldrerådet i Vestland.

Det er likevel fylkestinget som må nemne opp representantar jf. reglement for fylkestinget oppgåver punkt 2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5. Saka vert difor lagt fram for valnemnda og fylkestinget.

Vedlagt er nærare om retningslinjer, mellom anna at representantane ikkje kan vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest. Det er òg viktig med omsyn til kjønnsbalanse, alderssamansetting, geografi, etnisk minoritet og at mindre synlege pasientgrupper vert ivareteken. For å kunne ivareta ønske om fornying og kontinuitet bør ein representant som hovudregel ikkje sitte meir enn i tre periodar samanhengande. Vedlegget viser òg detaljert om prinsipp for brukarmedverknad og korleis ein jobbar i utvalet.

Frå brevet går det fram at brukarutvalet har følgjande medlemssamansetting:

«Brukerutvalget skal ha 8 medlemmer med varamedlemmer som skal oppnevnes for 2 år om gangen av sykehusstyret. Funksjonsperioden skal gå fra januar til januar 2 år etter. For å få kontinuitet i brukerutvalget, oppnevnes representanter fra FFO og SAFO et år, mens representanter fra Fylkeseldrerådet, Kreftforeningen og Nasjonalforeningen for folkehelse oppnevnes året etter.

Styret ved HDS oppnevner medlemmer til brukerutvalget, inkludert leder og nestleder, etter innstilling fra administrerende direktør, på grunnlag av innsendte forslag fra pasientorganisasjonene.

FFO - 3 representanter + nummererte vararepresentanter
 SAFO - 2 representanter + nummererte vararepresentanter
Fylkeseldrerådet i Hordaland - 1 representant + 1 vararepresentant
 Kreftforeningen - 1 representant + 1 varerepresentant
 Nasjonalforeningen for folkehelse - 1 representant + 1 vararepresentant»

Representant og vara frå fylkeseldrerådet (Hordaland) i noverande periode er Gunda Falao Sparre og Odd Himle.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vel representantar jf. reglement for fylkestinget oppgåver punkt 2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkestinget vel representant og vararepresentant til brukarutvalet ved HDS.

Fra: Sandgathe, Elena (elena.sandgathe@haraldsplass.no)

Sendt: 05.07.2021 08:38:26

Til: Vestland fylkeskommune

Kopi:

Emne: Oppnevning av representanter til brukerutvalget på HDS

Vedlegg: Til Fylkeseldrerådet_ Oppnevning av representanter til brukerutvalget på HDS.pdf;Retningslinjen for brukerutvalget HDS.pdf

Hei,

Vedlagt er brevet for oppnevning av ny representant fra Fylkeseldrerådet i Hordaland til brukerutvalget på Haraldsplass Diakonal sykehus for perioden 2022 – 2024.

Dersom noe er uklart, vennligst ta kontakt med meg.

Med vennlig hilsen

Elena Sandgathe

Rådgiver, Stab for strategi og samhandling

Haraldsplass Diakonale sykehus

Mob: 91687063



Haraldsplass
Diakonale sykehus

KOMPETANSE MED hjertevarme

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Vår ref.:
Elena Sandgathe

Deres ref.:

Haraldsplass
Diakonale Sykehus

Tlf: 55 97 85 00
hds@haraldsplass.no

Besøksadresse:
Ulriksdal 8 5009 Bergen

Postadresse:
Haraldsplass
Diakonale Sykehus
Postboks 6165 5892 Bergen

www.haraldsplass.no

Dato:
29. juni 2021

Oppnevning av representanter til brukerutvalget ved Haraldsplass Diakonale Sykehus, for perioden 2022 - 2024

